

**ÅRSMØTE KLINGENBERG HOTEL, ÅRDAL
24. – 25. MARS 2001**

INNHALDSLISTE

Program og sakliste årsmøte.....	side 2
Styret sine framlegg til vedtak.....	side 3
Nokre ord frå leiaren.....	side 5
Årsmelding frå styret.....	side 6
Medlemsutvikling.....	side 13
Årsmelding frå Fagleiar Konkurranse.....	side 14
Årsmelding frå Fylkesinstruktør Rifle.....	side 14
Årsmelding frå Fagleiar Hund.....	side 15
Årsmelding frå Kvinnekontakten.....	side 15
Årsmelding frå Fylkesinstruktør El. Dressurhalsband.....	side 16
Årsmelding frå Mik-instruktøren.....	side 16
Årsmelding frå Fylkesinstruktør Ettersøkshund.....	side 17
Årsmelding frå Fylkesinstruktør Jegerprøve.....	side 18
Årsmelding frå fylkessekretær.....	side 19
Kontorutstyr.....	side 21
Rekneskap for 2000.....	side 22
Arbeidsprogram for 2001.....	side 25
Budsjett for 2001.....	side 28
Vedtekter.....	side 29

PROGRAM ÅRSMØTE

Laurdag 24. mars kl. 14.00 Lunsj
 15.00 Årsmøtesaker
 16.30 Kaffepause
 16.50 Årsmøtesaker
 19.00 Avslutning
 20.00 Middag og sosialt samvær

Søndag 26. mars kl. 09.30 Fagleg del
 10.50 Kaffepause
 11.10 Open time
 12.00 Utflukt med Årdal jff inkl. lunsj

NJFF vert representert ved Øyvind Fjeldseth

SAKLISTE ÅRSMØTESAKER

- | | |
|--------|--|
| Sak 1 | Namneopprop |
| Sak 2 | Val av ordstyrer og sekretær |
| Sak 3 | Val av teljekorps og 2 representantar til å skrive under møteboka. |
| Sak 4 | Godkjenning av fullmakter |
| Sak 5 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| Sak 6 | Godkjenning av forretningsorden |
| Sak 7 | Årsmeldingar for 2000 |
| Sak 8 | Revidert rekneskap for 2000 |
| Sak 9 | Innkomne saker |
| Sak 10 | Vedtektsendring |
| Sak 11 | Arbeidsprogram for 2001 |
| Sak 12 | Fylkeslaget sin kontigentandel |
| Sak 13 | Budsjett 2001 |
| Sak 14 | Val |

STYRET SINE FRAMLEGG TIL VEDTAK

Sak 4. Godkjenning av fullmakter

Årsmøtet tar stilling til evt. innkomne fullmakter

Sak 5. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling med sakliste (dagsorden) vart utsendt 13.02.01. I fylgje fylkeslaget sine vedtekter skal årsmøtet kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, evt. vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Innkalling og styret sitt framlegg til sakliste vert godkjendt.

Sak 6, Godkjenning av forretningsorden

Styret fremjar følgjande til forretningsorden:

1. Talerett har alle valde årsmøtedelegatar, fylkeslagsstyret, fylkesinstruktørar, fylkessekretær og gjester
2. Forslags- og røysterett har alle valde årsmøtedelegatar og fylkeslagsstyret. Dersom fylkeslagsinstruktørar møter som representant for eit lag har dei røysterett. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap. Ingen har meir enn ei røyst.
3. Forslag på vedtak skal leverast møteleiar skriftleg og underteikna, men før strek er sett. Berre endringsforslag som har samanheng med saker oppførd på saklista kan behandlast. For seint innkomne forslag kan ikkje behandlast.
4. Alle vedtak skal avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unntake ved personval, der ein skal ha loddtrekning. Vala skal vere skriftlege dersom nokon av representantane krev det.
Ved endring av vedtekten, krevst 2/3 fleirtal
5. I protokollen innførast dei som har hatt ordet til saka, innkomne forslag og avstemmingar, samt dei vedtaka som er gjorde.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til forretningsorden vert godkjendt.

Sak 7, Årsmeldingar

Årsmelding for 2000: s. 6 –

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt forslag til årsmelding vert godkjendt.

Sak 8, Rekneskap 2000

Rekneskap s.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Rekneskapet vert godkjendt.

Sak 9, Innkomne forslag

Det er ikkje kome inn forslag til årsmøtet.

Sak 10, Vedtektsendringar

På forrige årsmøtet vart vedtekten endra. NJFF har godkjent dei med vilkår om at ordet ”ungdomsleiar” vert bytt ut med ”ungdomsansvarleg”.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Årsmøtet gjer vedtak om å endre namnet ”ungdomsleiar” til ”ungdomsansvarleg” i vedtekten.

Sak 12, Medlemskontigent

NJFF sitt landsmøte vedtok å evaluere og styrke ungdomsarbeidet og oppfordrar til at ein set så låg pris som mogleg for barne- og ungdomsmedlemer.

For å fylge oppfordringa utan å misse inntekter, kan ein auke medlemskontigenten på andre medlemskategoriar.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Årsmøtet gjer vedtak om å auke fylkeslagskontigenten med kr. 5,-, (totalt kr. 35,-) for alle medlemskategoriane, med unntak av Barne- og ungdomsmedlemskap.

Årsmøtet gjer vedtak om at fylkeslagskontigenten til barne- og ungdomsmedlemskap med og utan tidsskrift vert redusert til kr. 0,-.

Sak 13, budsjett 2001

Styret sitt forslag til budsjett: s.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til budsjett for 2001 vert godkjendt.

NOKRE ORD FRÅ LEIAREN

År 2000 har vore eit år med god aktivitet frå fylkeslaget på mange områder. Vi har hatt jaktleiarkurs i alle regionar, utdanna instruktørar for flugekasting, arrangert jervekurs og fiskecamp med ungdom. I tillegg har vi vist engasjement både lokalt og sentralt i arbeid med høyringar og arealplanar. Og ikkje minst, vi er på nettet! Dette er ikkje i staden for men i tillegg til medlemsavis og anna informasjon frå fylkeslaget. Vi ber lokallaga nytte sida vår, legg inn informasjon om lokale arrangement og anna som skulle ligge hjertet nær.

MIK instruktør Bjarne Huseklepp har i år igjen i samarbeid med forvaltning og grunneigarorganisasjonane gjennomført eit MIK seminar som er med å bidra til at vi som organisasjon blir sett på som ein seriøs medspelar. Det var mange gode innlegg og stort frammøte. I år var det vilt som sto på programmet. Desse seminara har blitt og blir forhåpentlegvis i framtida ”møteplass” for aktørane innan vilt og fiskeforvaltning.

At vi no ser ei endring i haldningane overfor NJFF –Sogn og Fjordane er eit resultat av både lokallaga sitt engasjement i lokale saker og resten av fylkeslaget sitt målretta arbeid gjennom fleire år. Vi merkar at det gir resultat i den retning at vi blir høyrd i fleire samanhengar enn tidlegare.

Fleire av lokallaga i Sogn og Fjordane har bidrige med å få sett fylket på kartet, i år var det Eid som var vertskap for NM i ettersøk. Der viste lokallaget med si deltaking at med samarbeid mellom fleire aktørar er det ikkje noko problem å gjennomføre sjølv eit NM. Gratulerer med godt gjennomført NM.

Nok eit døme på samarbeid var gjennomføringa av Vestnorsk Villmarksmesse, der lokallaga i Årdal, Lærdal og Sogndal saman med fylkeslaget skipa til ei storstilt messe i Sognahallen. Eit slikt arrangement krev stort engasjement og mange medlemer i arbeid, ei oppgåve som lokallaga tok på strak arm.

Lokallaga i Årdal, Sogndal og Hyen har vore vertskap for fiskecampane i år. Det var vellykka arrangement med mange glade ungdomar som fekk prøve fiskelykka og mykje meir. Dette er verdt å satse på og eg sender her og no utfordring til lokallaga om å arrangere minst et arrangement for barn og ungdom kvar i år.

Fylkeslaget har i år arbeidd med opplegget for opplæring i skulane. Vi har sidan i haust arbeidd med finansieringa av prosjektet og håpar å vere i mål med dette våren 2001 og vere klar for vidare satsing inn i år 2001.

Ein av dei som verkeleg har arbeidd aktivt for fylkeslaget i mange år er fylkesinstruktør ettersøk, Alf Bruland. Han trekte seg ved juletider som fylkesinstruktør. Eg ønskjer å takke han for det arbeidet han har utretta. Uansett kor vi kjem, har han sett spor etter seg. Ein positiv person som har gjort ein viktig innsats for at ettersøk skal få sin rettmessige plass i jakt på storvilt. Det har ikkje vore noko lett arbeid han har hatt.

Kristin Halvorsen

- leiar -

ÅRSMELDING FOR 2000 FRÅ STYRET

Styret har i 2000 vore samansett slik:

- | | |
|----------------------|-----------------|
| Kristin Halvorsen | Leiar |
| • Gunnstein Husdal | Nestleiar |
| • John Davy Oddekalv | Sekretær |
| • Kåre Solheim | Kasserar* |
| • Arve Myklebust | Ungdomsleiar |
| • Odd Inge Hagen | Fagleiar Vilt** |
| • Arvid Pedersen | Fagleiar Fisk |
- 1. vara Jan Inge Kleppe Fagleiar Konkurranse
 - 2. vara Robert Brenden Fagleiar Hund

Revisorar

- Revisor 1 Arve Nesje
- Revisor 2 Bjørn Norlie

Valnemnd

- Valnemnd, leiar Inge Nedreberg
Medlem valnemnd, Erling Skrede
Medlem valnemnd, Jan Egil Fimreite
- Desse er på val. På grunn av omrokkingar dei to siste åra, vert Kasserar og Fagleiar Vilt vald for eitt år for at ein skal kome i takt med vedtektene.
*Kasserar vart i fjar vald for berre eitt år.
**Fagleiar Vilt trekte seg frå vervet sitt med verknad frå 28.11.2000

Revisorane vart i fjar vald for eitt år, men i fylgje dei nye vedtektene er det kun ein revisor kvart år som skal vere på val. I tillegg skal der vere ein vara i tre år. Det blir val av 2 revisorar og ein varamedlem for 3 år, slik at ein person er på val kvart år.

Frå NJFF - Sogn og Fjordane har desse vore med i NJFF sine styre og utval i 2000:

- | | |
|--|---|
| Bjarne Huseklepp, Jegerpr./MIK- instruktør
Kristin Halvorsen, Leiar | Medlem i Forbundsstyret og leiar i DSU
Medlem i Forbundsstyret sidan landsmøtet i november |
|--|---|

Fylkeslaget er representert i desse utval/fagråd:

- * Referansegruppa for Norsk Hjortesenter: Leiar. Fagleiar Vilt er vara.
- * Styringsgruppa for prosjektet ”Lokal forvaltning og driftsplanlegging av vilt – og fiskeressursar”. Leiar møter som observatør m/tale og forslagsrett.
Fagleiar Vilt og Fagleiar Fisk er kontaktpersonar.
- * Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Sogn og Fjordane: Arvid Pedersen
- * Fagråd for forvaltning av anadrome laksefisk i Nordfjord; Arvid Pedersen

NJFF -Sogn og Fjordane status arbeidsprogram for 2000



1.1. Naturgrunnlaget som forutsetning for jakt og fiske.

Målsetjing: Sikre naturgrunnlaget som vilkår for jakt og fiske.

Tiltak:

- Samarbeide med Fylkesmannen om tildeling av midlar frå vilt og fiskefondet for å betre bruken av pengane.
 - ⇒ Fiskefondsmidlane: Fylkessekr. møte med Fylkesmannen 4. april i Førde. Fagl. Fisk telefonmøte i mars
 - ⇒ Viltfondsmidlane: Fagl. Vilt møte med Fylkesmannen 7. mai i Sogndal
- Aktivt vere med på å påverke ei god forvaltning av vilt- og fiskeressursar, lokalt og sentralt.
 - ⇒ Høyringar: forskrift om Fiske etter laks og aure i vassdrag og sjøen, samla plan for vassdrag (3 stk), settefiskforskrift. Ferdigbehandla. Innvik Kraftverk.
 - ⇒ Høyringar: Jakttidsendringar, fylkesplan, verneområde Naustdal-Gjengedal, forsterkning hovudnettet Fardal – Sunnfjord, differensiert ulveforvaltning.
 - ⇒ Kursverksemnd: 3 jaktleiarkurs er gjennomført, 1 kurs i jervejakt
- Observatør i Driftsplanprosjektet, påverke for at lokallaga kjem med i driftsplanarbeidet.
 - ⇒ Delteke på møte 4. april og 19. september
- Seminar lokal vilt- og fiskeforvaltning (Mik-seminar)
 - ⇒ Gjennomført viltseminar i Førde 25. - 26. nov, rekorddeltaking med ca. 170 deltagarar.
- Vilttaksering
 - ⇒ Stilleståande i 2000
- Selteljing
 - ⇒ Avslag på søknad om tilskot. Ikkje gjennomført
- Registrering av kvitfiskbestandar i fjordarmane
 - ⇒ Ugjort

1.2. Adgangen til jakt og fiske.

Målsetjing: Sikre og vidareutvikle ålmenta si adgang til jakt og fiske.

Tiltak:

- Påverke lokallaga til å gjere lukka lag til opne.
 - ⇒ Nokre av dei lukka laga er snakka med, alle har fått brev frå NJFF.
- Følgje opp det gode samarbeidet som ein har fått mellom kommunane, grunneigarorganisasjonar, lokallag og Fylkesmannen ved MIK-kursa.
 - ⇒ Gjennomført viltseminar 25. - 26. nov. i Førde
- Arbeide for å gjere verna områder tilgjengelege for jakt, der dette er mogleg.
 - ⇒ Fått opna verneområder under seljakta.
- Halde oversikt over jakt- og fiskevald som lokallaga disponerer og informere andre om desse.
 - ⇒ På internett og på cd-rom: "Rom for jakt, fiske og friluftsliv", i "Jeger & Fisker" 2/00

1.3. Utøving av jakt og fiske.

Målsetjing: Sikre jakt- og fiskeutøving som en naturlig del av det tradisjonelle, høstingsbaserte friluftslivet.

Tiltak:

- Vidareføre og påverke samarbeidet med Fylkesmannen; utføre instruktørroppgåver og kursverksemd for Fylkesmannen. Utvikle samarbeidsprosjekt innan vilt og fisk
 - ⇒ Observatør i Driftsplanprosjektet, brukarkurs elektrisk dressurhalsband, dommarkurs ettersøk. P.g.a. ny jegerprøveordning i 2001, vart det ikkje arrangert kurs for instruktørar.
- Halde fiskcamp, fangstkurs og andre aktivitetstilbod for ungdom.
 - ⇒ fiskecamp i Årdal 21.-23. juli, Hyen 28. – 30. juli, Sogndalsalen 26.-27. aug.
Lokallaga sjølve var hovudarrangørar.
- Jobbe for å få medlemer inn i fiskekuben.
 - ⇒ Vestnorsk Villmarksmesse, fiskecampar, Friluftsleir i Hyen, stand på landbruksdagar.
- Kurs og studieverksemd i regi av fylkeslaget ved instruktørar, Fagleiarar m.fl.
 - ⇒ Jegerprøveinstruktørkurs fase III ⇒ p.g.a. nytt opplegg, vart det utsett til 2001
 - ⇒ Jaktleirkurs ⇒ Nordfjordeid 12. - 13. februar, ca. 40 deltakarar
 - ⇒ Jaktleirkurs ⇒ Sogndal 1. -2. april, ca 40 deltakarar
 - ⇒ Jaktleirkurs ⇒ Førde 13. - 14. mai, ca. 40 deltakarar
 - ⇒ Instruktørkurs i hagleskyting ⇒ Hadde 2 deltakarar til Møre og R. 19.- 21. mai
 - ⇒ Instruktørkurs i flugekasting ⇒ Førde 19.-21. mai, 10 deltakarar
 - ⇒ Jervekurs ⇒ Sogndal 30. september, 41 deltakarar
 - ⇒ Oppgradering av jegertrap-dommere ⇒ ingen i 2000, har ikkje hagleinstruktør.
 - ⇒ Dommarkurs ettersøk ⇒ Sande Kro 13. -14. mai, 4 deltakarar, 3 av dei er godkjende etter å ha vore med som aspirantar på blod- og fersksporprøver
 - ⇒ Prøve blodspor ⇒ 1. juni – 31. aug. (bl.anna på Friluftshelga i Hyen)
 - ⇒ Prøve ferskspor ⇒ 16. juli – 31. august
- Medlemsvervning med spesiell vekt på ungdom og kvinner.
 - ⇒ Fiskecamp for ungdom ⇒ Årdal, Sogndal og Hyen (ungdom)
 - ⇒ Innkjøp av fiskeutstyr til kurs og camper ⇒ Innkjøpt hengar med 10 flugestenger, 10 makkstenger, 10 pakkar flugebindarutstyr. 30 flytevestar.
- Arrangere regionale arrangement.
 - ⇒ Vestnorsk Villmarksmesse i Sogndal 5. – 7. mai
 - ⇒ Seminar på kysten: kystkulturen vår ⇒ Ikkje gjennomført
- Få opp aktiviteten på rifleskyting
 - ⇒ Kurs i rifleskyting ⇒ ikkje nok påmelding
 - ⇒ Jaktfeltseminar ⇒ Nordfjordeid 8. - 9. april, 6 deltakarar frå Høyanger jff og Stryn & Hornindal jsfl
 - ⇒ Rifleinstruktør på kurs i NJFF 4. – 5. mars
- Tilrettelegge for trenings- og prøveområde for fuglehundar og skape eit betre fuglehundmiljø.
 - ⇒ Treningsområde for fuglehundar på Gaularfjellet
 - ⇒ Treningsområde for fuglehundar i Hodlekve ⇒ nesten ok, nytt møte med grunneigarane i 2001.

2.1. Organisasjonsutvikling.

Målsetjing: Organisasjonen vidareutviklast slik at fylkeslaget ved fylkessekretær tar seg av fleire og større oppgåver enn tidlegare. Det er også eit viktig mål å oppgradere mange av lokallag både mht. aktivitet og internt regelverk, deriblant å få større åpenheit med omsyn til medlemsinnmeldingar.

Tiltak:

- Koordinere samarbeid lokallaga imellom.
⇒ villmarksmesse, fiskecamp i Hyen
- Kartleggje foreningsstrukturen i fylket med tanke på ei god geografisk dekning.
⇒ telefonisk kontakt med nokre lag. Nokre i Bremanger vurderer oppstart av Bremanger jfl. Nytt lokallag i Vågsøy er ikkje gjort så mykje med.
- ”Sovande” lokallag vitalisera.
⇒ Telefonisk kontakt med smålokallag om satsing på kysten
- Meir kontakt med lokallaga.
⇒ Ein del telefonisk kontakt med alle laga. Deltaking på årsmøte i Luster jfl og Askvoll og Holmedal jfl. Villmarksmessa ga god kontakt med lokallaga i Årdal, Lærdal og Sogndal. Fylkeslaget har hatt kontakt med lokallag også ved andre kurs. Elles blir det ein del ein-vegs kommunikasjon med brev, info-ark, blad og e-post.
- Gjennomføre dei vedtektsfesta arrangementa, deriblant delta på landsmøtet.
⇒ årsmøte og formanskonferanse er gjennomført. Delteke på landsmøte.

2.2. Rekruttering.

Målsetjing: Minst 93.000 betalte medlemskap for år 2000 på landsbasis, 3000 på fylkesplan.

Tiltak:

- Rekruttering av nye medlemmer først og fremst gjennom lokal aktivitet ut frå sentral tilrettelegging. Dette gjennom vidareføring og utvikling av vervetiltaka frå 1999, med spesiell vektlegging på vidareføring og utvikling av gode medlemsfordeler.
⇒ kurs og fiskecampar, villmarksmesse,
- Spesiell satsing mot målgrupper av potensielle medlemer, t.d ungdomsmedlemer
⇒ fiskecampar, friluftshelg i Hyen, landbruksdagane i Kaupanger.
- Innmelding av utanforstående lag, samt vitalisering av dei lokallag som er ”sovande”.
⇒ Planleggje nytt lokallag i Vågsøy
- Kontakte direktemedlemer for å verve dei til lokallaga.
⇒ Brev utsendt til alle direktemedlemer, ein del innmeldingar i lokallag etter dette. Problem: lukka lokallag.

2.3. Informasjonsarbeid

Målsetjing: NJFF sitt bodskap skal nå ein større del av befolkninga og beslutningstakrar på ulike nivå, og skal stimulere til auka interesse for jakt og fiske.

Tiltak:

- Medlemsavis ”Jeger & Fisker” skal ut 2 gonger årleg med stoff om jakt, fiske og friluftsliv.
⇒ medl.avis nr. 1 kom ut i byrjinga i mai. Nr. 2 vart eit fargeblad og utsendt i byrjinga av september.
- Informasjonsrutinene skal forbetrast slik at alle berørte ledd i NJFF har naudsynt informasjon til å kunne fylle målsetjinga som gjeld informasjons- og lobbyarbeid.
⇒ info er utgjeven 4 gonger i 2000. Internett-side er laga: www.njff-sognogfjordane.no
E-post adresser til alle lokallag aukar kontakt, men må ikkje erstatte alt !
- Synleggjering av NJFF sine standpunkt skal intensiverast gjennom bruk av pressemeldingar og anna bruk av media, herunder internett.
⇒ internett blir noko brukt, sendt ut pressemeldingar om kalkingsmidlar, skumringsjakt, jaktleiarkurs, kurs i jervejakt, fiskeleirar, fiske for barn, villmarksmesje mm. Nokre av pressemeldingane frå NJFF er sendt ut til lokalaviser i fylket (på nynorsk).

2.4. Skulering.

Målsetjing: Oppretthalde eksisterande aktivitetsnivå på skuleringsverksemd i fylkeslaget og lokallaga.

Tiltak:

- Bistå lokallaga med hjelp som dei ynskjer ved skulering av sine medlemer med meir ⇒ ingen forespørslar.
- Formannskonferanse ⇒ Førde 24.-25. november

3. Fylkesleddet sin økonomi

Målsetjing: Styrke Forbundet sin økonomi.

Tiltak:

- Åuke inntektene ved:
 - Medlemsvekst ⇒ liten vekst i 2000; ca. 1,2 %
 - Sal av annonsar og varer ⇒ lite overskot då ein får lite rabatt ved innkjøp
 - Å finansiere spesielle aktivitetar med tilskot frå det offentlege og andre
⇒ Viltfondsmidlar: kr. 97.500 (inkl. 30.000 til Mik-seminar, fordelt med skogeigarlaget) Fiskefondsmidlar: kr. 52.000, Kulturavdelinga Fylkeskommunen: 12.000, NJFF; 18.000. Totalt tilskot: kr. 179.500.
 - God økonomistyring og effektiv kostnadskontroll.

Styremøter:

Styret har halde 6 styremøter og handsama 48 saker (herav 1 telefonmøte).

Informasjon frå styret:

Styret har sendt ut sakliste og referat frå styremøta til lokallaga, fylkesinstruktørar og NJFF. Lokallagsinformasjonen ”informasjon” er sendt ut 4 gonger i tillegg til anna informasjon frå styret. Medlemsavis er utgjeven 2 gonger.

Media**Intervju / uttale, Leiari:**

- April 2000 - Sogn avis - Tema Utviding av kvotane for kobbejakt
- 6. mai 2000 - NRK Sogn og Fjordane – Vestnorsk Villmarksmesse
- Des. 2000 – Friluftsmagasinet NRK Telemark – Hjortejakta i Sogn og Fjordane.
- 12/2000 Jakt og Fiske – Sogn og Fjordane vann banketten, Landsmøte NJFF

Intervju / uttale, Fagleiar Vilt:

17. november, NRK Sogn og Fjordane: Skumringsjakt / nattejakt

Intervju / uttale, Fylkessekretær:

- Des. 2000 - Friluftsmagasinet NRK Telemark – Hjortejakta i Sogn og Fjordane

Pressemeldingar:

Vestnorsk Villmarksmesse

Kalking

Villaks –statsbudsjettet (NJFF)

Satsar på sportsfiske for born og ungdom: fiskekubben, fiskecampar, born fiskar gratis

Jaktleiar kurs

Kjerneområde for jerv (NJFF)

Kurs i jervejakt

Sal av hjorteløyve

Grasrotoppgjer for auka fokus på gyrodactylus salaris

Nattejakt / skumringsjakt

Hjorten blir kartlagt (Ove Bjørlo –fylkeslaget sin repr. i merkeprosjektet)

Representasjon styret

Leiar:

- 2. mars Møte FRIFO
- 22. mars Møte Vestnorsk Villmarksmesse
- 10. april Møte Vestnorsk Villmarksmesse
- 27. april Møte Vestnorsk Villmarksmesse
- 30. april Møte Studie forbundet Natur og Miljø
- 4.-7. mai Vestnorsk Villmarksmesse
- 10. mai Møte Studie forbundet Natur og Miljø
- 13. mai Jaktleiarkurs Førde
- august Friluftshelga i Hyen
- 24. mai Evalueringsmøte Vestnorsk Villmarksmesse
- 28. august Forum for natur og Miljø, Førde
- 1. sept. Møte Hjortemerkinsprosjektet Nordfjord
- 30. sept. Jervejaktkurs i Sogndal
- 20.-21.okt. FRIFO møte Fjærland
- 23.10 Landsmøte NJFF, Kristiansand
- 24-26.11 Formannskonferanse MIK
- 19. des. Møte Førde JFF

Nestleiar:

- 26. januar Møte vestnorsk villmarksmesse, Sogndal
- 28. februar Møte vestnorsk villmarksmesse, Sogndal
- 22. mars Møte Vestnorsk Villmarksmesse
- 1.-2. april Jakkleiarkurs i Sogndal
- 10. april Møte Vestnorsk Villmarksmesse
- 27. april Møte Vestnorsk Villmarksmesse
- 5.-7. mai Vestnorsk Villmarksmesse
- 24. august Evalueringsmøte Vestnorsk Villmarksmesse

Kasserar:

- 5.-7. mai Vestnorsk Villmarksmesse
- 24. august Evalueringsmøte Vestnorsk Villmarksmesse

Sekretær:

- 5.-7. mai Vestnorsk Villmarksmesse
- 19.-21. mai Instruktørkurs i flugekasting

Fagleiar Fisk:

- Oktober Møte i Lakserådet for Nordfjord, Sandane
- Mars: Telefonomøte med Fylkesmannen angående fiskefondsmidlar
- 28.-29. april Nasjonal konferanse om sjøaure, Sunndalsøra

Fagleiar Vilt:

- 1.-2. april Jakkleiarkurs
- 6-7. mai Vestnorsk Villmarksmesse
- 7. mai Møte med fylkesmannen, utdeling av viltfondsmidlar
- 27.-28. juni Fellesmøte Jotunheimen Nasj.park/Utladalen landskapsvernområde (SNO)
- 30. sept. Jervejaktkurs

Fylkessekretær: Sjå årsmelding

Medlemsutvikling: (Medlemer Totalt = bet. + ikkje bet.)

Lokallag:	22.1.97	14.1.98	6.1.99	5.1.00	4.1.01
Askvoll og Holmedal JFF	61	56	57	65	67
Aurland JFL	192	201	203	190	186
Balestrand JFF	31	29	27	22	20
Bryggja og Omegn JFF	15	15	16	19	17
Eid JF	167	181	224	236	244
Fjaler JSPFL	24	26	27	28	24
Flora JFF	135	170	209	199	213
Førde JFL	196	206	213	211	198
Gaular JFL	67	76	80	72	80
Gloppen JFL	123	129	151	152	143
Gulen JSPFL	40	38	38	37	34
Hyen JFF	46	45	54	56	52
Hyllestad JFL	49	51	62	53	49
Høyanger JFL	181	192	188	189	193
Jølster JSPFL	37	36	38	41	42
Leikanger JFL	93	93	96	101	102
Luster JFL	158	142	147	167	198
Lærdal JFL	106	105	117	127	127
Naustdal JFL	27	29	27	24	22
Selje JFF	9	8	7	4	3
Sogndal JSPFL	176	207	225	230	240
Solund JFL	5	3	2	2	2
Stryn og Hornindal JSPFL	56	87	150	154	150
Svelgen JFF	33	33	34	37	45
Sørgulen JFL	14	13	11	10	10
Vik JFL	76	72	69	65	72
Årdal JFF	539	549	581	571	565
Medlemmer totalt	2705	2792	3053	3062	3098

13

Av desse er det registrert 243 ungdomsmedlemer, noko som er ein nedgang på 18 personar.
Vi har hatt ein auke i medlemstalet på ca. 1,2 %. I tillegg er det pr. 31.12.2001 117 direkte medlemer, ein nedgang på 16 medlemer.

ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR KONKURRANSE

I april i år vart det halde jaktfeltseminar på Tua, der Eid JFL stilte opp med fleire instruktører i korleis ein skal arrangere eit jaktfeltstemne. Det kom deltagere frå Høyanger og frå Stryn & Hornindal JSPFL i alt 6 stykker, dei deltok med godt humør heile gjengen så det vart ei triveleg helg. På søndagen var det kursdeltakarane som arrangerte stemnet med ca. 40 deltagere og det gikk heilt fint. Det negative opp i alt det positive var at det ikkje var fleire lag som kunne stille opp når ein veit at det er over 3000 medlemer i dei forskjellige lag og foreninger i fylket.

Antallet jegertrapstemner i år 2000 var 12, det virka som om det kunne vere litt for mange for det var dårlig oppmøte på mange av stemna fra andre lag enn dei som arrangerte stemne. I år 2001 trur eg det blir bedre då det blir berre 8 stemner, så møt opp alle som kan for det er viktig å få eit godt miljø med ikkje berre topp konkurranceskytterar , men også den vanlige jegeren som trenar for moro skuld.

Til slutt vil eg oppfordre alle som skyt å få seg klasseføringskort, bestilles hos NJFF, det skal forevises ved påmelding i lag med medlemskort for inneværende år.

Med helsing
Jan Inge Kleppe
-Fagleiar Konkurranse-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR RIFLE

Det har vore fleire forespørslar om å arrangere lokale kurs, dei har ikkje kome i gang på grunn av for lita påmelding.

Fylkesinstruktøren deltok på samling for instruktørar i Stjørdal 3.-5. mars 2000.
Hovudtema for kurset var: Nye våpenforskrifter for jegerne, nye reglar for jaktskyting, instruktørformidling og demonstrasjon av simulator for rifle og hagle

Arbeidsoppgåver:
Setje seg inn i til ein kvar tid gjeldande regelverk
Påverke til at kurs både teknisk og faglig blir gjennomført.
Vi skal her i fylket arrangere NM jaktfelt i 2002. Fylkesinstruktøren er her med som formann i skyteteknisk komite. Dette vil bli eit stort løft som ein får håpe kan skape større interesse for slik skyting også her i fylket.

Budsjett for 2001 kr. 5.000,-

Med helsing
Arne Olav Bjørlo
-Fylkesinstruktør rifle-

ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR HUND

I år 2000 så har det vore litt forskjellige aktivitetar. Fekk ansvaret for å arrangere hundeutstilling 6 mai på villmarksmessa i Sogndal. Dette blei eit samarbeid med Jotunfjell-Fjordane Elghundklubb. Dei tok seg av påmeldingane og dommer/ringsekretær i den eine ringen, mens eg tok meg av dommer/ringsekretær i den andre ringen. Det meste av forarbeidet her i Sogndal stod me for.

Annonseinntekter til utstillingskatalog fekk eg hjelp av medlemmar i elghundklubben av. Utstillingen blei avvikla på beste måte. Me hadde vårgudane med oss, strålande solvêr og masse folk. Me serverte mat og drikke som gjorde til at me gjekk ca. i null i regnskapet, ellers hadde det blitt eit stort minus.

Mange fine premiar og fornøgde deltakrar gjer nok til at me prøvar oss på ein ny utstilling i 2002.

Ellers har eg vore i kontakt med forskjellige aktive hundefolk i heile fylket som jobbar godt i nærområda sine, spesielt i Flora JFL. Der har dei allerede eit treningsområde for jakthundar, og jobbar for eit til. Treningsområdet i Hodlekve har dratt ut i tid, men nå har me alle navna på grunneigarane og håpar å få til eit møte i April/Mai. Skal også prøve å få til eit møte med grunneigarane i Turtagrø ang. därleg lirypebestand og eventuelle tiltak som kan takast i bruk for å rette på utviklingen. "Bag-limit" som det heiter seg er eit av alternativa. Da har ein lov til å skyte maks 2-3 ryper pr. dag. Dette er eit område som bør vernast på denne måten på grunn av lett tilgjengelighet, slik at ein unngår det som har skjedd nå. På ein heil dag med ca. 16 fuglehundar ute i sokn på opp til 30 min. i høst, ga oss 1 einaste lirype i resultat. Dette er eit klart varske for alle jegere.

Med helsing
Robert Brenden
-Fagleiar Hund-

ÅRSMELDING FRÅ KVINNEKONTAKTEN

Det har ikkje vore arrangement for damer i år 2000. Det var planer om ein tur på fuglejakt men denne ble avlyst. Vi prøver hausten 2001 å arrangere 2 turer, ein med jakt og ein med fisk som tema. Det vil bli lagt ut på internettssidene til fylkeslaget og invitasjon blir sendt ut til lokallaga, samt dei som har delteke på tilsvarende turar tidlegare.

Med helsing
Kristin Halvorsen
- kvinnekontakt-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR ELEKTRISK DRESSURHALSBAND

Det vart halde eit kurs for brukarar av el.halsband i 2000. Det vart halde i Sogndal i samband med Villmarksmessa i Sognahallen den 6. mai. Det var to lokallag som hadde meldt på deltarar. Leikanger JFL hadde meldt på Odd Reksnes, og Luster JFL hadde meldt på Robert Brenden og Svein Inge Harberg

Etter at den teoretiske delen var unnagjort, og dei åtte spørsmåla var besvart, bar det ut for å "trykke" litt på knappen.

Vi holdt til like ved Sognahallen. Sauer fekk vi låne hjå ein svært så positiv bonde på andre sida av elva. Sauene vart frakta i bil (lånt gratis hjå Brenden Transport) til innhegninga. Rundt området vi brukte, sette vi opp elektrisk gjerde (lånt gratis hjå Rune Torgersen og Odd Ljøsne) Det var ikkje så mange hundar, men dei vi hadde var av ulike "typar". Dei tre elevane jekk til verket med stor iver. Dei greidde seg godt. I ettertid har dei vore svært aktive med el.halsbandet.

Lokallaga bør verta mykje meir aktiv i problemet hund/sau. Dei bør samle sine "hundemedlemmar" til orientering om emnet. Det er sikkert nokon av dei som veit om andre hundeeigarar, som ikkje har ein sauerein hund. Få ein god dialog med desse.

LAT DET GÅ "SPORT" I Å FÅ ALLE HUNDAR SAUEREINE!!!!!!!

Alle godkjende brukarar av el.halsband skal sende inn kopien av utskrivne bevis til fylkesinstr. ved årets slutt. Det er det berre Leikanger og Luster JFL som har gjort i 2000.

Ha eit triveleg år i 2001.

Med helsing

Bjørn Monsen

-Fylkesinstruktør Elektrisk Dressurhalsband-

ÅRSMELDING FRÅ MIK-INSTRUKTØR

Det vart arrangert Mik-kurs på Sunnfjord Hotell 25.-26. november. Målgruppa var medlemmer i lokale JFL, grunneigarar og kommunar. Programmet hadde vilt og hjorteforvaltning som hovudtema. Totalt var det påmeldt rundt 170 personar med store og små.

Det var godt samarbeid med Fylkesmannen og grunneigar- organisasjonane v/Brigt Samdal både i planlegging og gjennomføring av Mik-kurset.

Det er ei klår målsetjing å vidareutvikle det god samarbeidet som no er mellom grunneigarsida, FM og NJFF- Sogn og Fjordane.

Fylkesmannen støtta samlinga i 2000 med kr. 30.000 til dekking av fellesutgifter.

Denne årlege samlinga har no fått gode og innarbeidde tradisjonar. Når vi ser dei store utfordringane som ligg i driftsplanarbeidet m.a., er det viktig å sikre god skulering av våre lokallag saman med våre samarbeidspartnerar.

Arbeidsprogram for Mik-instr. 2001.

Arrangere Mik-kurs med hovudvekt på fiskestell og fiskeforvaltning på Sunnfjord Hotell 24.-25. november.

1. Søke om midlar frå aktuelle stønadsgjevarar.
2. Sende ut eit førebels fellesbrev til aktuelle deltakarar i fellesskap med samarbeidspartnerane.
3. Finne ei høveleg arbeidsfordeling mellom medarrangørane.
4. Utarbeide eit brukarretta program.
5. Skaffe foredragshaldarar.
6. Gjennomføre seminaret.

Kurset skal vere sjølvfinansierande.

Med helsing
Bjarne Huseklepp
-Mik-Instruktør-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR ETTERSØKSHUND

Dommarkurs ved Sande Kro og Motell 13. – 14. mai.

Deltakarar: Magnar Espedal, Flekke
Torger Eimhjellen, Førde
Arild Gjervik, Stongfjorden
Geir Støfring, Vassenden

Espedal, Eimhjellen og Gjervik har eg hatt som aspirantar på blod og fersksporprøver, og er i dag godkjende som dommarar.

Terminfesta blodsporprøve frå 1.6. – 31.8.2000 25 deltagarar
Terminfesta fersksporprøve frå 16.7. – 31.8.2000 14 deltagarar

Overskot frå prøvane: kr. 568,70 som er overført til bankkonto til fylkeslaget.

Gåvepremie frå NJFF -Sogn og Fjordane på blodsporprøve i Hyen til prøva si beste ekvipasje, vart tildelt Kåre Løtuft, Byrkjelo.

I november er det registrert 332 godkjende ekvipasjar i Sogn og Fjordane og i eige vald 21, totalt 353 ettersøksekvipasjar.

Dette er eit for høgt tal. Det er mange hundeeigarar som har mista sin hund, men har ikkje sendt inn melding til NKK om det.

Eg har ikkje sett opp arbeidsprogram for 2001, då eg har sagt opp som fylkesinstruktør for ettersøkshund.

Eg vil hermed takke styret i NJFF -Sogn og Fjordane for eit godt samarbeid dei 10 åra eg har vore instruktør for ettersøkshund.

Det har vore ein interessant jobb for meg så eg håpar det blir like interessant for den nye instruktøren

Med helsing
Alf Bruland
-Fylkesinstruktør Ettersøkshund-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR JEGERPRØVE

2000 var eit mellomår for jegerprøve-instruktøren.

Utarbeiding av ny perm for jegerprøva medførte at utdanning av nye instruktørar skulle vente til nytt materiell var ferdig.

Jegerprøveinstruktøren deltok på den årlege samlinga i Stjørdal 2.-3. des.
Her vart det nye instruktørmateriellet gjennomgått. Permen vart godt motteken.
Først og fremst p.g.a. betre lysark og pedagogiske tilrettelegging.

På samlinga fekk eg gjennomslag for å prøve ut ein ny modell for utdanning av nye instruktørar i Sogn og Fjordane. I hovudsak går den ut på at fylkesinstruktøren føl opp nye instruktørar langt betre enn tidlegare. Bøkene som skal gjennomgåast i fase 1, vert meir målretta brukte som førebuing til instruktørjobben.

Arbeidsprogram for jegerprøve-instr. 2001.

Arrangere oppdateringskurs for godkjende instruktørar i Førde 10. -11. februar og Sogndal 3.-4. mars. I tillegg vert det fase 1 kurs for nye instruktørar i forkant av kurset i Sogndal.

Det er ei stor utfordring at vi no får bygge opp instruktørgrupper i kvar kommune med minst 3 instruktørar. Lokallag som har 3 instruktørar eller færre, bør så snart råd er, starte arbeidet med å finne godt eigna personar til instruktørroppgåvane.

Med helsing
Bjarne Huseklepp
- Fylksinstruktør Jegerprøve-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESSEKRETÆR

Fylkessekretæren er tilsett i 100 % stilling og har heimekontor.

2000 var prega av relativt mykje reising / møteverksem. Når fylkessekretæren har møter på kveldstid / helgar, skal dette avspaserast time for time sidan vi ikkje har overtidsbetaling. Dette vert det vanlegvis ikkje tid til, særskild i 2000 då det vart mykje overtid med villmarksmessa.

Frå fylkessekretæren er det ynskjeleg at meir av fylkessekretæren si tid går til lokallaga, og heller nedprioritere andre ting. –Men dette fordrar sjølv sagt at lokallaga ber om å få besøk ! Og hugs: dei andre i fylkeslaget har også som oppgåve å ha kontakt med lokallaga, så nøl ikkje med å ta kontakt og be om ein visitt frå fylkeslaget !

Av møter, kurs og aktivitetar var fylkessekretæren med på dette:

14. januar	Årsmøte Luster jfl
26. januar	Møte vestnorsk villmarksmesse, Sogndal
8.-11 februar	Fylkessekretærsamling
12.-13. februar	Jaktleirkurs Eid
14. februar	Styremøte natur og miljø, Førde
15. februar	Styremøte, Skei
25. februar	Årsmøte Askvoll & Holmedal jff
28. februar	Møte vestnorsk villmarksmesse, Sogndal
2. mars	Møte FRIFO, Førde
10. mars	Styremøte, Skei
14. mars	Årsmøte studieforbundet natur og miljø, Førde
22. mars	Møte vestnorsk villmarksmesse, Sogndal
24.-25. mars	Årsmøte, Florø
4. april	Møte i driftsplanprosjektet, Førde
4. april	Møte Fylkesmannen om fiskefondsmidlar
27. april	Møte vestnorsk villmarksmesse, Sogndal
4.-7. mai	Vestnorsk Villmarksmesse, Sogndal
15. juni	Styremøte, Skei
28.-30. juli	Friluftshelga i Hyen / Fiskeleir i Hyen
18. august	Styremøte, Skei
20. august	NM blodspor, Eid
24. august	Evalueringsmøte Vestnorsk Villmarksmesse
28. august	Møte Forum for natur og friluftsliv, Førde
31. aug. – 2. sept.	Landbruksdagane, Sogndal
25. september	Møte Forum for natur og friluftsliv, Oslo
29. september	Styremøte, Sogndal
30. september	Jervejaktkurs, Sogndal
19. oktober	Møte driftsplanprosjektet, Førde
20.-21. oktober	Fellesmøte FRIFO, Fjærland
23. oktober	Møte landsmøtedelegatar, Skei
7.-8. november	Møte LA21, Førde
17.-19. november	Landsmøte, Kristiansand
19.-21. november	Fylkessekretærsamling, Kristiansand
24. november	Møte samarbeidsrådet for laks og sjøaure i S & Fj., Skei
24.-25. november	Formannskonferanse, Førde
25.-26. november	Mik-seminar

Arbeidstida har vore brukt på blant anna:

Medlemsavis og medlemsblad, heimeside, pressemeldingar, kurs, Vestnorsk villmarksmesse, årsmøte og årsmelding, formannskonferanse, fiskeleirar, gyro-opprop, høyringar, informasjon til lokallaga med meir. Vanleg kontordrift, post, ein del arbeid med kontakt frå medlemer og andre.

Fylkessekretær var sekretær og kasserar i studieforbundet natur og miljø fram til årsmøtet i mars, har vore leiar i valnemnda i same forbund etter årsmøtet i n & m.

Arbeidsoppgåvene for 2001 framgår av arbeidsplanen til fylkeslaget.

Med helsing
Reidun Solberg Seim
-Fylkessekretær-

Kontorutstyr som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.00

1 datamaskin (pc)	Carat i 486 dx 50	1995
1 datamaskin (pc)	Telemark pentium	1998
1 telefaks	Brother fax -470	1995
1 telefaks	Lanier 4100	1997
1 modem	Faksmodem 5888000 bps	1995
1 kopimaskin	Lanier 6112 copier	1990
1 kopimaskin	Lanier 6813 copier	1995
1 kopimaskin	Nashuatec D420 (sortering)	1997
1 skrivar	HP deskjet –500	1986
1 skrivar	HP laserjet 1100	1998
1 skrivar/skanner	HP Office Jet 1170 c	1999
1 skrivemaskin	Facit 7810	eldre modell
1 trådlaus telefon	Zodiac digiphone 10	1997
1 ISDN telefon	DORO busy	1999
1 Mobiltelefon	Ericson	1999

Elektrisk Dressurhalsband

Målegevær

Hengar, 2000

10 sett flugestenger, 2000

10 sett flugebindarutstyr, 2000

10 teleskopstenger utan snelle, 2000

Fylkeslaget eig også 1/3 i ”skiljeveggane” som vart laga til Villmarksmessa i Stryn 1997

RESULTATREKNESKAP FOR 2000

INNTEKTER

	<u>REALISERT</u>	<u>BUDSJETTERT</u>
3010 Sal effekter	20 362	22 000
3020 Endring i varelager	7 000	
3021 Reklame Hengar	0	10 000
3200-		
3204 Tilskot NJFF	106 276	92 500
3205 Adm.tilskot Fylkeskult.	7 000	5 000
3206-		
3210 Fordeling av medl.kont	63 780	84 000
3240 Studieforbundet	2 400	2 400
3300-		
3378 Offentlege midlar	152 735	93 000
3610 Overskot Vestn.Villmarksmesse	31 600	
3700 Annonseinntekter	4 500	0
3750 Gåver	214	0
3800 Kursavgifter	55 570	54 500
3901 Lotteri – Loddsal	40 954	
3960-		
3990 Diverse inntekter	<u>24 504</u>	<u>70 000</u>
 SUM INNTEKTER	 <u>516 895</u>	 <u>433 400</u>

RESULTATREKNESKAP FOR 2000

UTGIFTER

	<u>REALISERT</u>	<u>BUDSJETTERT</u>
4650 Innkjøp effekter for salg	25 634	20 000
4600 Kursmateriell (Eigne)	2 022	24 000
4730 Andre kursutg.	56 733	53 000
4901 Lotteri – utgifter	24 440	0
4940-		
4990 Diverse utgifter	2 231	400
5250 Representasjon	1 226	0
5800 Bilgodtgjersle	29 428	31 000
5900-		
5950 Reiser og opphold/Bomp	91 345	75 000
6000 Styremøter	5 032	8 000
6006 Møteutgifter elles	49 866	64 000
6015 Avsetjing til landsmøte	10 000	20 000
6020 Lokale arrang.	500	0
6050 Til disposisjon for styret	8 190	6 000
6100 Konsulenttenester	5 000	15 000
6215 Kontorleige sekretær	12 000	12 000
6220 Kjøp inventar	14 752	0
6400 Kursavgifter	1 125	11 000
6520 Forsikringar	2 542	2 000
6600 Premiar	6 433	27 000
6700 Kontorrekvista	11 675	18 000
6710 Annan rekvisa	12 545	0
6715 Vedlikehold	615	3 000
6725 Annonseutgifter	22 047	10 000
6750 Kopiering	644	0
6800 Porto	36 119	23 000
6820 Fagliteratur	1 042	4 500
6830 Trykkeritenester	19 825	10 000
6850 Telefonutgifter	22 217	25 000
6950 Gebyr	1 129	1 000
7002 Utgifter Fiskecamp	<u>15 000</u>	<u>0</u>
 SUM UTGIFTER	 <u>491 357</u>	 <u>462 900</u>

DRIFTSKOSTNADER	<u>491 357</u>	<u>462 900</u>
RESULTAT	<u>25 538</u>	<u>- 29 500</u>
8010 Renteinntekter	8 080	4 000
8110 Renteutgifter	114	
8200 Ekstraord. Innt	6 200	
8500 Investering	25 000	20 000
9010 Avsetjingar	10 000	
RESULTAT	<u>4 704</u>	<u>- 45 500</u>

BALANSE PR 31.12.00

EIGA

1030 Bank 3710 11 42737	97 197,56	100 556,69
1040 Bank 3710 11 98201	109 480,23	40 139,00
1090 Varelager	27 000,00	20 000,00
1210 Kunder	<u>42 963,99</u>	<u>431,75</u>
OMLØPSMIDLER / EIGA	276 641,78	

GJELD OG EIGENKAPITAL

2010 Leverandørar	106 864,94	31 299,52
2820 Avs. Vilt og fiskeforv.	5 000,00	5 000,00
2825 Ubenytta sp.fiskeko	17 805,00	17 805,00
2830 Tilsk.m.sporhund	11 463,00	11 463,00
2832 Ettersøksrådet	5 000,00	0
2836 Undervisningsprosjekt	10 000,00	0
2840 Avsetj. Til neste landsmøte	10 000,00	20 310,00
2875 Avsetj. Parteringskurs	15 000,00	15 000,00
2880 Akt.tilskot LNU-midlar	<u>13 570,00</u>	<u>0</u>
GJELD/AVSETJINGAR	194 702,94	88 778,00
EIGENKAPITAL	<u>81 938,84</u>	<u>77 236,42</u>

Norges Jeger- og Fiskerforbund -Sogn og Fjordane



Arbeidsprogram for 2001

1.1. Naturgrunnlaget som forutsetning for jakt og fiske.

Målsetjing: Sikre naturgrunnlaget som vilkår for jakt og fiske.

Tiltak:

- Samarbeide med Fylkesmannen om tildeling av midlar frå vilt og fiskefondet for å betre bruken av pengane.
- Aktivt vere med på å påverke ei god forvaltning av vilt- og fiskeressursar, lokalt og sentralt.
- Arbeide for auka kalkingsbudsjett / Forsuring
- Arbeide for auka midlar til å bekjempe gyro
- Deltakar i Driftsplanprosjektet, påverke for at lokallaga kjem med i driftsplanarbeidet.
- Samarbeide med andre organisasjonar, t.d. Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)
- Seminar lokal vilt- og fiskeforvaltning (Mik-seminar)
- Bestandsregistrering av sel
- Prosjekt hjortemerking

1.2. Tilgjenge til jakt og fiske.

Målsetjing: Sikre og vidareutvikle ålmenta si tilgjenge til jakt og fiske.

Tiltak:

- Vurdere leige av jakt- og fiskerettar
- Påverke lokallaga til å gjere lukka lag til opne.
- Følgje opp det gode samarbeidet som ein har fått mellom kommunane, grunneigarorganisasjonar, lokallag og Fylkesmannen ved MIK-kursa.
- Arbeide for å gjere verna områder tilgjengelege for jakt, der dette er mogleg.
- Arbeide for allemannsretten og ferdsselsretten (arealplanlegging)
- Halde oversikt over jakt- og fiskevald som lokallaga disponerer og informere andre om desse.
- Arbeide for å opne jakt og fiske for allmugen der det har vore nytta offentlege midlar

1.3. Utøving av jakt og fiske.

Målsetjing: Sikre jakt- og fiskeutøving som ein naturleg del av det tradisjonelle, haustingsbaserte friluftslivet.

Tiltak:

- Vidareføre og påverke samarbeidet med Fylkesmannen, utføre instruktørroppgåver og kursverksemeld og aktivitetar som sikrar sikker og human jakt- og fiskeutøving.

Utvikle samarbeidsprosjekt innan vilt og fisk

- Jegerprøveinstruktørkurs fase I og III: 10.-11.02 i Førde og 03.-04.03 i Sogndal
- Brukarkurs El. dressurhalsband
- Fase II og Fase III kurs ettersøk
- Jaktleiarkurs, Sogndal 2.-3. mars og Førde 7.-8. september
- ”Eksamen” / oppfølgingskurs for Instruktørar i flugekasting, sentralkurs
- Prøve blodspor
- Prøve ferskspor
- Sportsfisketurné: Nordfjordeid 24. april, Førde 25. april og Lærdal 26. april
- Oppgradering av jegertrap-dommarar
- Andre kurs og studieverksemeld i regi av styret ved instruktørar, Fagleiarar m.fl.
- Få opp aktiviteten på rifleskyting
- Tilrettelegge for trenings- og prøveområde for fuglehundar og skape eit betre fuglehundmiljø.

2.1. Organisasjonsutvikling.

Målsetjing: Organisasjonen vert vidareutvikla slik at fylkeslaget tar seg av fleire og større oppgåver enn tidlegare. Det er også eit viktig mål å oppgradere mange av lokallaga både m.o.p. aktivitet og internt regelverk, deriblant å få større openheit med omsyn til medlemsinnmeldingar.

Tiltak:

- Koordinere samarbeid lokallaga imellom.
- Kartleggje lokallagsstrukturen i fylket med tanke på ei god geografisk dekning.
- Påverke lokallaga til å bruke mønstervedtekter og til å vere ”opne”
- Meir kontakt med lokallaga.
- Gjennomføre dei vedtektsfesta arrangementa.
- Medlemsfordelar
- Påverke lokallaga til å delta på regionale organisasjonskurs og nyte seg av studieringar i studieforbundet natur og miljø.

2.2. Rekruttering.

Målsetjing: Minst 95.000 betalte medlemskap for år 2000 på landsbasis, 3100 på fylkesplan.

Tiltak:

- Rekruttering av nye medlemmer først og fremst gjennom lokal aktivitet ut frå sentral tilrettelegging. Dette gjennom vidareføring og utvikling av vervetiltaka frå 2000, med spesiell vektlegging på vidareføring og utvikling av gode medlemsfordeler.
- Spesiell satsing mot målgrupper av potensielle medlemer, t.d. ungdomsmedlemer
- Innmelding av lag som ikkje er medlem i NJFF, samt vitalisering av dei lokallag som er ”sovande”.
- Kontakt direktemedlemer for å verve dei til lokallaga.

2.3. Barne- og ungdomsarbeid

Målsetjing: Gjennomgang av fylkeslaget si verksemd ovanfor born og ungdom og setje i verk tiltak som skal gje desse betre tilbod enn tidlegare.

Tiltak:

- Medlemsverving til Fiskeklubben
- Fiskeleiarar og andre aktivitetar for ungdom
- Ungdomsleiarkonferanse, Stryn 4.-6. mai
- Undervisningsprosjekt i skulane

2.4. Informasjonsarbeid

Målsetjing: NJFF sitt bodskap skal nå ein større del av befolkninga og avgjerdstakrar på ulike nivå, og skal stimulere til auka interesse for jakt og fiske.

Tiltak:

- Medlemsavis ”Jeger & Fisker” skal ut 2 gonger (1 medlemsavis, 1 messeavis) med stoff om jakt, fiske og friluftsliv.
- Informasjonsrutinene skal forbetrast slik at alle ledd i NJFF har naudsyn informasjon til å kunne fylle målsetjinga som gjeld informasjons- og lobbyarbeid.
- Synleggjering av NJFF sine standpunkt skal intensiverast gjennom bruk av pressemeldingar og anna bruk av media, herunder internett. (Oppdrettsnæring, lakselus, kalking, laksefjorder (Rieber-Mohn), hjorteviltforvaltning, vindparkanlegg, jakttidshøyring.)
- Halde lokallaga løpende informert om aktuelle høyringar, med kopi til fagansvarleg i lokallaga

2.4. Skulering.

Målsetjing: Styrke aktivitetsnivå på skuleringsverksemd i fylkeslaget og lokallaga.

Tiltak:

- Assistere lokallaga med hjelp som dei ynskjer ved skulering av sine medlemer med meir.
- Oppfordre lokallaga til å arrangere regionale kurs

4. Fylkeslaget sin økonomi

Målsetjing: Styrke fylkeslaget sin økonomi.

Tiltak:

- Auke inntektene ved:
 - Medlemsvekst.
 - Kurs og aktivitetar
 - Å finansiere spesielle aktivitetar med tilskot frå det offentlege og andre.
- God økonomistyring og effektiv kostnadskontroll.

BUDSJETT 2001

Driftsinntekter	Totalt
Bruk av avsetninger 2001	13 570
Tilskot frå NJFF	9 500
NJFF var. refusjon medlemsbaser	45 500
NJFF fast gr.beløp	21 950
NJFF Kommunikasjonsandel	21 960
Adm tilskot fylkeskultursjef	10 000
NJFF fylkeslaget eigen andel (30)	84 000
Studieforbundet driftstilskot	1 600
Offentlege tilskot	164 500
Annonseinntekter	43 000
Kursavgifter	134 700
Administrasjon	20 000
Diverse inntekter internet	5 000
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>576 080</i>

Driftskostnader	
Avsetninger	8 400
Kursmateriell (eigne)	27 000
Andre kursutgifter (eigne)	57 500
Undervisningsprosjekt	20 000
Kursadministrasjon	23 000
Bilgodgjerdelse	35 000
Reiser og opphold	41 000
Styremøter	6 000
Møteutgifter (foredragsholder etc)	160 200
Konsulenttjenester	17 500
Disp. styret	5 000
Kontorleige fylkessekretær	12 000
Kursutgifter (eksterne kurs)	12 500
Forsikringar	2 800
Premiar	6 000
Kontorrekvisita	10 000
Kontorutstyr	3 000
Fagliteratur/aviser	4 500
Trykkeritjenester	38 500
Vedlikehald	5 000
Annonseutgifter	10 700
Porto	40 000
Telefon	25 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>571 400</i>

Resultat	4 680
-----------------	-------

VEDTEKTER

NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND SOGN OG FJORDANE

Vedtekne på årsmøte 25.03.2000
Godkjende av NJFF 11.12.2000

DEL I

§ 1. NAMN

Fylkeslaget sitt namn er Norges Jeger- og Fiskerforbund – Sogn og Fjordane, og er ein samanslutning av alle lag tilslutta Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane Fylke.

§ 2. FORMÅL

Fylkeslaget sitt hovudformål er det same som for NJFF sentralt:

Å ta vare på jakt- og fiskeinteressene igjennom å ta vare på naturen sitt produksjonsgrunnlag, og ved at ålmenta skal ha tilgang til å utøve jakt og fiske. Hovudmåla er:

- å være ein aktiv interesseorganisasjon som tek vare på medlemene sine interesser innan jakt, fiske, naturforvalting og friluftsliv.
- å sikre ei berekraftig hausting av vilt- og fiskeressursane våre, basert på tilgjengeleg kunnskap.
- å sikre at viltet og fisken blir hausta til glede for flest mogeleg motiverte utøvarar.

Arbeidet i fylkeslaget skal byggje på NJFF sitt gjeldande handlingsprogram og det årlege arbeidsprogrammet.

Fylkeslaget skal være bindeleddet mellom NJFF sitt sentralledd og lokallaga i fylket. Det har eit særleg ansvar med å ta vare på organisasjonen sitt formål elles på fylkesnivå.

§ 3. LEIANDE ORGAN

Laget sine leiande organ er:

- a) Årsmøtet
- b) Ekstraordinært årsmøte
- c) Styret

Årsmøtet skal haldast kvart år innan 1. april.

Sentralleddet i NJFF har rett til å vera representert på års- og styremøta til fylkeslaget med talerett.

§ 4. ØKONOMI

Forbundet refunderer til fylkeslaget den del av kontingensten som landsmøtet fastset. Fylkeslaget sitt årsmøte kan i tillegg fastsetje ein eigen kontingent til fylkeslaget som vert kravt inn saman med forbundskontingensten. Fastsett fylkeskontingent skal meldast til forbundet innan 1. september.

DEL II

§ 5. ÅRSMØTE

Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 1. april og skal veksla likt mellom Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.

Årsmøtet skal kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Framlegg som laga ynskjer å få handsama av årsmøtet skal vere styret i hende innan utgangen av januar.

Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, evt. vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

Lag med inntil 200 medlemer kan senda 2 representantar. Lag med fleire medlemer kan sende ytterlegare 1 representant for kvar påbyrja 200 medlemer, -maksimalt 6 representantar. Medlemer frå laga utnemnd av NJFF i sentrale utval og fylkesinstruktørar vert kalla inn til årsmøtet. Desse har talerett, men ikkje røysterett. Dersom dei møter som representant for eit lag har dei både tale- og røysterett på årsmøtet.

Årsmøtet skal handsama følgjande:

1. Konstituering av møtet
 - Godkjenning av fullmakter
 - Godkjenning av innkalling
 - Godkjenning av saklista
 - Godkjenning av forretningsorden
 - Val av ordstyrar
 - Val av sekretær
 - Val av teljekorps
 - Val av 2 representantar til å skriva under møteboka
 2. Årsmelding frå siste kalenderår.
 3. Revidert rekneskap frå siste kalenderår.
 4. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.
 5. Andre saker som styret har sett opp på saklista.
 6. Styret sitt framlegg til arbeidsprogram.
 7. Fylkeslaget sin kontingentdel, med styret sitt framlegg til vedtak.
 8. Styret sitt framlegg til budsjett.
 9. Val av styre i medhald av § 7.
 10. Val av valnemnd på 3 medlemer - mest mogeleg geografisk fordelt, for 3 år, ein person på val kvart år. Den av medlemene som har sete lengst, er leiar i valnemnda.
 11. Val av 2 revisorar og ein varamedlem for 3 år, ein person på val kvart år.
 12. Val av utsendingar til landsmøtet (kvart tredje år).
- Ungdomsleiar skal vere representert ved NJFF sitt ordinære landsmøte, og skal gå inn i

kvoten til fylkeslaget.

Dersom ikkje noko anna er bestemt, skal alle saker avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unntake ved personval, der ein skal foreta loddtrekking. Vala skal vera skriftelege dersom nokon av representantane krev det.

Ingen representantar har meir enn ei røyst. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap.

§ 6. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret, eller når eit tidlegare årsmøte har bestemt det, eller minst 1/4 av lokallaga i fylket, eller forbundsstyret i NJFF krev det.

Ekstraordinært årsmøte, vedlagt sakliste, skal kallast inn med minst 14 dagars varsel. Møtet skal ikkje ta avgjerd i andre saker enn dei som er oppførde på saklista i innkallinga.

§ 7. STYRE

Laget vert leia av eit styre på 7 representantar, som består av leiar, nestleiar, sekretær, kasserar, ungdomsleiar, fagleiar vilt og fagleiar fisk.

Fagleiar vilt og fagleiar fisk har i samarbeid med resten av styret ansvar for viltstell- og fiskestellspørsmål.

Styret skal ha to vararepresentantar. 1. vararepresentant har hovudansvar for konkurranseaktiviteten. 2. vararepresentant har hovudansvar for jakthundspørsmål.

Vararepresentantane vert kalla inn til det første styremøtet etter årsmøtet og elles når faste representantar melder avbod, og når det skal handsamast saker som omfattar dei fagområda dei har hovudansvar for. I desse sakene har vararepresentantane røysterett.

1. Styret vert vald for 2 år om gongen. Leiar, kasserar og fagleiar vilt vert valde i år med like årstal. Nestleiar, sekretær, ungdomsleiar og fagleiar fisk vert valde i år med ulike årstal.
2. Varamedlemene vert valde for 1 år om gongen..

Fylkesinstruktørane er fagleg underlagt NJFF, dei bør tiltre fylkesstyret etter behov med tale og forslagsrett.

§ 8. STYRET SITT ARBEID

Styret skal:

1. Representere fylkeslaget, utøve administrativt mynde, handheve vedtekten og ivareta fylkeslaget sine interesser ut mot dei lokallaga som er tilslutta laget og regionale styresmakter.
2. Medvirke til å opprette nye lokallag og eventuelt medvirke til å slå saman lokallag der det er naturleg, og hjelpe desse med råd og opplysningar.
3. Førebu, handsame og vedta saker av interesse for laga i fylket.
4. Halde møter med lokallagsleiarar/-styre for drøfting av viktige saker av felles interesse samt ta initiativ til kurs, møte o.l.
5. Sende saker til høyring i lokallaga.
6. Fastsetje til for ordinært og eventuelt ekstraordinært årsmøte.

7. Leggje fram årsmelding og rekneskap med revisorrapport kvart år om laget si verksemeld i kalenderåret.
8. Utarbeide framlegg til arbeidsprogram og budsjett for komande år.
9. Sende årsmelding og rekneskap samt årsmøtereferat med ajourført liste over tillitsvalde til NJFF og lokallaga seinast 1 månad etter årsmøtet. Føreslå nyval dersom tillitsvalde ikke oppfyller instruksen, også om dei ikkje står på val.
10. Ved behov oppnemne eigne utval og medlemer av desse samt utarbeide arbeidsinstruks for utvala.
11. Gjere framlegg om tildeling av eventuelle heidersteikn.
12. Utnemne fylkesinstruktørar.
13. Utarbeide instruks for tilsette i fylkeslaget.
14. Utnemne instruktørar og utarbeide instruks for styremedlemer og instruktørar.
15. Vere representert ved stemner og arrangement på fylkesnivå.
16. Arbeide for lags- og medlemsfordeler, herunder drive informasjon om økonomisk støtte til fylkeslag og lokallag.
17. Avgjere tvistar mellom laga. Avgjersla kan ankast inn for årsmøtet i fylkeslaget.

Styret er vedtaksført når minst halvdelen av styret er tilstades. Vedtak vert avgjort ved simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta. Det skal førast protokoll frå kvart styremøte.

§ 9. VEDTEKTSENDRINGAR

Vedtektsendringar (del II) kan gjerast av årsmøtet. Til gyldig vedtak vert det kravt 2/3 fleirtal av dei representantane som er tilstades på årsmøtet.

Vedtektsendringar skal godkjennast av Representantskapet i NJFF.